



Saksframlegg

Sakshandsamar:	Næring	Øystein Sørhaug
	Arkivnr.: 14/368	Klassering:

Nordhordland Skogeigarlag, tømmerkai på Eidsnes

Rådmannen sitt forslag til vedtak

Rådmannen vil tilrå at formannskapet støttar prosjektet med 600.000 kroner. Midlane skal takast frå næringsfondet til Lindås kommune.

Politisk handsaming

- Saka skal avgjerast i Formannskapet

Bakgrunn

Nordhordland Skogeigarlag ønskjer å utvida tømmerkaien på Eidsnes i Lindås kommune. Byggekostanden er stipulert til 19,018mnok, kor Statens Landbruksforvaltning tek på seg ein stor del av kostnadane. Prosjektet må vere fullfinansiert, difor trengs det også kommunal medfinansiering.

Finansieringsplan (=sum kostnad):

Statstilskot (SLF)	15.214.000 kr
Hordaland Fylkeskommune	2.500.000 kr
Lindås kommune	600.000 kr
Kommunar i Nordhordland og Nordhordland Skogeigarlag	704.000 kr
Sum	19.018 000

Vurdering

Å ha ein god infrastruktur og logistikk er vesentleg for konkurransekrafta i den framtidsetta skogindustrien. Eidsnes har peika seg ut som den mest sentrale staden for utskiping og evt. bearbeiding av tømmer i Nordhordland, og eit infrastrukturiltak som dette vil gjere nytte for seg i lang framtid. Eit slikt prosjekt vil difor kunne bidra til en meir konkurransedyktig og effektiv skogindustri i heile regionen.

Prosjektet legg opp til å utvida eksisterande kai med 75meter, der denne skal byggast på stålpilarar med eit tverrspent dekke med limtrelameller. Prosjektet vert soleis den første industrikaien i Norge som skal byggast i tre. Prosjektet skal auka dybden ved kaifronten og oppgradera baklageret for tømmer. Total eksportkapasitet på den nye kaien vil vera mellom 80.000-85.000m³ pr år.

Eit slikt prosjekt kan gjere det lettare for nye aktørar å etablera seg i skognæringa, noko som kan resultera i nye arbeidsplassar i Nordhordland. Kaien vil også danna grunnlag for at andre næringar kan nytta ledig utskipingskapasitet, sjølv om det primært skal vere ein tømmerkai.

Miljøeffektane vil vere betydelige, i form av både redusert vegtransport og reduserte klimagassutslepp.

Prosjektet er attraktivt pga. planane om eit nytt stort næringsområde i nærleiken, Nordhordland Næringspark. Dette kan opne for ein framtidig sambruk/fleksibilitet, som vil styrkje både området og næringslivet i heile Nordhordlandsregionen.

Næringsfondet til Lindås kommune har følgjande kapitalgrenser:

- 1) Bedriftsutvikling, etablering og marknadsføring: 200.000,-
- 2) Investeringar: 250.000,-
- 3) Kommunale prioriterte prosjekt: 1.000.000,-

Prosjektet er eit kommunalt prioritert prosjekt, og vil vere eit viktig bidrag for å satsa på næringar som kan gje regionen fleire bein å stå på.

Rådmannen vil også oppmoda andre kommunar i Nordhordland om å gje sin økonomiske støtte til prosjektet, for å sikra gjennomføring. Fylkestinget har enno ikkje politisk behandla saka, slik at finansieringa p.t. fortsatt ikkje er 100% sikker.

Det står att 871.503 kroner på næringsfondet pr 31.3.2014. Dette er før tildelingar i formannskapet 3.4.2014. Dersom innstillingane vert fylgt i formannskapet 3.4.2014 (2 søknadar til næringsfondet) står det att 21.503 kroner på næringsfondet.